

Prop. 33 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 21. november 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2014 i samsvar med kapittel 2. Med bakgrunn i avviklinga av Konsesjonsavgiftsfondet blir det i kapittel 3 foreslått at Konsesjonsavgiftsfondets vedtekter blir oppheva når endringane i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova fremja i Prop. 4 L (2014–2015) trer i kraft. I kapittel 4 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda.

2 Endringer i statsbudsjettet 2014

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Utgiftene i samband med behandling av søknader om tildeling i førehandsdefinerte område (TFO) har blitt høgare enn føresett, blant anna som følgje av rekordmange søknader i 2014.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner, til 261,5 mill. kroner. Ein viser til motsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Oljedirektoratet har samarbeidsprosjekt innanfor dataforvaltning og utvinningsteknologi (DISKOS og FORCE) og fleire oppgåver knytte til styresmaktene sitt internasjonale bistandsarbeid og rådgiving, og tek del i utviklingsprogrammet Olje for Utvikling (OfU). I samband med kapasitetsbygging i myndigheitsorgan bistår direktoratet ved utvikling av rammeverk, ressursforvaltning i alle fasar av verksemda, dataforvaltning, styrking av lokalt innhald og opplæring. Dei viktigaste samarbeidslanda er Ghana, Uganda, Tanzania og Sør-Sudan. I tillegg er Oljedirektoratet deltakar i fleire andre prosjekt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 60 mill. kroner, til 210,1 mill. kroner. Auken har samband med høgare aktivitet i samarbeidsprosjekta innanfor dataforvaltning og utvinningsteknologi, bistandsprosjekt og utviklingsprogrammet Olje for utvikling enn føresett tidlegare. Det er blant anna inngått nye avtaler med Cuba og Angola. Vidare knyter auken seg til aktivitet i 2013 som først er rekneskapsført og innbetalt i 2014.

Ein viser til motsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1815 Petoro AS*Post 73 Statleg deltaking i petroleumsverksemd på islandsk kontinentalsokkel, kan overførast*

Den norske stat deltek gjennom Petoro Iceland AS med 25 prosent i tre utvinningsløyve på islandsk kontinentalsokkel. Aktivitetane i kvart av utvinningsløyva på islandsk sokkel følgjar eit arbeidsprogram som er delt inn i tre fasar. Regjeringa tek stilling til vidare norsk statleg deltaking ved utløpet av kvar fase. Første fase av arbeidsprogrammet for utvinningsløyve IS2013/01 går ut i januar 2015. Det vil i løpet av 2014 bli teke stilling til eventuell vidare statleg deltaking i andre fase av arbeidsprogrammet.

Fullmakt til å forplikte

Verksemda i interessentskapa er underlagt reglar fastsette i konsesjonsverket ved konsesjonstildelingane. I interessentskapa deltek staten med Petoro Iceland AS som rettshavar underlagt reglane i islandsk lovgiving og konsesjonsverket. Det er fastsett stemmereglar for verksemdstyring i samarbeidsavtalene. Innanfor reglane i samarbeidsavtalene etablerer interessentskapa arbeidsprogram og budsjett som omfattar blant anna innkjøp av varer og tenester som forpliktar rettshavarane utover innevarande års løyving. Operatørane står føre verksemda, under dette inngåing av avtaler på vegner av interessentskapa i medhald av fullmakter som følgjar av samarbeidsavtalene. Operatørane legg fram for styringskomiteane arbeidsprogram og budsjett for kommande år og langtidsbudsjett for dei neste tre åra i oktober. Rettshavarane i interessentskapa behandlar og godkjenner arbeidsprogram og budsjett for kommande år i desember. Slik det går fram av avtalene som er ein del av konsesjonsverket, skal deltakarane kunne innrette seg slik at interessentskapet kan forplikte seg for anskaffingar som varar ut over budsjettåret.

Det er derfor foreslått ei fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover gitt løyving på inntil 30 mill. kroner knytte til fortløpande forretningsverksemd innanfor gjeldande deltakingsvedtak, jf. forslag til romartalsvedtak II. Tilsvarende fullmakt er foreslått for 2015, jf. Prop. 1 S (2014–2015) for Olje- og energidepartementet.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 01 Driftsutgifter*

På vegner av offentlege verksemdar har Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) inngått avtale om leveranse av elektronisk ID (eID) frå private leverandørar. Kvar gong det blir brukt ein eID utferda av desse til ei offentlig teneste, blir det utløyst eit betalingskrav til det offentlege. Basert på overslag om framtidig bruk vart det rammeoverført 25 000 kroner frå NVE til Difi. For NVE sin del vil heile rammeoverføringa bli tilbakeført, då det ikkje har vore nok innloggingar på NVEs teneste til å komme over terskelverdien som utløyste rammeoverføring frå NVE til Difi. Løyvinga blir på denne bakgrunnen foreslått auka med 25 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 540, post 22.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 25 000 kroner, til 493,625 mill. kroner.

Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 60 og 72

Flaumen som råka fleire kommunar på Vestlandet i slutten av oktober har ført til omfattande skadar og det har vore nausdynt å setje i verk tiltak straks for å rydde opp og avverje fare for ytterlegare skadar. NVE anslår eit behov på 24 mill. kroner i 2014 knytt til opprydding, krisetiltak og reparasjon i områda som er råka. Dei største skadane er knytte til Aurland kommune (Flåmselva), Odda kommune (Opo) og Lærdal kommune. Det er i tillegg avdekt behov for tiltak i fleire andre kommunar på Vestlandet. Regjeringa vil komme attende til budsjettbehovet for 2015 og etterfølgjande år når NVE har fått betre oversikt og gjennomført ei nærare kartlegging av skadeomfang, nausdynte tiltak og framdrift.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 24 mill. kroner, til 265,3 mill. kroner.

Kap. 1840 CO₂-handtering*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 74*

I samband med oppfølginga av Regjeringas strategi for det vidare arbeidet med CO₂-handtering vil statsaksjeselskapet Gassco få i oppdrag å sjå på høve til transport av CO₂ frå potensielle fangstprosjekt i Noreg, jf. kap. 1840, ny post 74 Transport av CO₂.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til 5 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende løyving under kap. 1840, ny post 74. Som følge av usikkert kostnadsoverslag for ovannemnde arbeid blir det foreslått å tilføre posten stikkordet «kan nyttast under post 74».

Post 70 Gassnova SF, kan overførast, kan nyttast under post 73 og 74

Det er i 2014 sett av midlar til å avslutte planlegginga av fullskala CO₂-handtering på Mongstad. Arbeidet er utført og det er gjort ei oppsummering og evaluering av planlegginga. Utgiftene til arbeidet har blitt lågare enn opphavleg berekna. Det blir på denne bakgrunnen foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Behovet og utgiftene til Gassnovas oppfølging av statens interesser i teknologiseret for CO₂-fangst på Mongstad (TCM) har blitt lågare enn tidlegare berekna. Det blir på denne bakgrunnen foreslått å redusere løyvinga med 7,5 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga med 9,5 mill. kroner, til 144,8 mill. kroner. Gassnova disponerer hovuddelen av midlane til kartlegging av høve til fullskala demonstrasjon av CO₂-handtering i Noreg. Det blir foreslått å tilføre posten stikkordet «kan nyttast under post 74» etter same forklaring som under post 21.

Post 71 Forskingstenester, TCM DA, kan overførast

Løyvinga til kjøp av forskningstenester dekkjer driftsutgifter ved teknologiseret på Mongstad og nedbetaling av selskapets lån og kapitalkostnader.

Statens del av driftsutgiftene er venta å bli om lag 11 mill. kroner lågare enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett 2014. Reduksjonen skuldast i hovudsak stans av anlegga på grunn av vedlikehald og at det ikkje ligg føre planar om testaktivitet i 2014 for anlegget med kjølt ammoniakk etter august.

Avdrag og renter på lånet blir samla reduserte med 21 mill. kroner (inkludert meirverdiavgift) som følge av forskyving av lånebehov og nedjus-

tering av rentesats i 2014, jf. kap. 4840, post 80 og 86.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 32 mill. kroner, til 1 732 mill. kroner.

Post 73 Fullskala CO₂-handtering på Mongstad, kan overførast, kan nyttast under post 70

Utgifter til å avslutte planlegginga av fullskala CO₂-handtering på Mongstad har blitt langt lågare enn tidlegare budsjettert. På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 27,5 mill. kroner, til 0,5 mill. kroner.

Post 74 (Ny) Transport av CO₂, kan overførast

I tråd med Prop. 1 S (2014–2015) blir det lagt opp til å føre vidare arbeidet med å kartleggje høve til fullskala demonstrasjon av CO₂-handtering i Noreg. Dette omfattar studiar av moglege fangstprosjekt i Noreg og studiar av høve til transport og lagring av CO₂ frå potensielle fangstprosjekt, jf. pkt. 4.5.2 i Prop. 1 S (2014–2015).

Føremålet med studiane er å klargjere om det er grunnlag for å setje i gang eit industrielt løp for prosjektmogning for eit CO₂-handteringsprosjekt i Noreg. Nytteverdi og kostnadsoverslag for ulike alternativ, omfang, risiko og vidare tidsplan vil vere element som vil bli vurderte i arbeidet. Arbeidet skal gjennomførast ved at det først blir utført idéstudiar og deretter mogleighetsstudiar dersom det er grunnlag for å gjennomføre meir detaljerte analysar. Arbeidet vil bli koordinert av Gassnova, men utgreiingar av transportdelen vil bli gjennomførte i regi av Gassco og vil starte i løpet av 2014.

Utgiftene for studiane er førebels usikre, men første fasen av Gasscos arbeid med idéstudiar blir anslått til 10 mill. kroner. Regjeringa vil komme nærare tilbake til status og vidare planar i revidert budsjett 2015.

På denne bakgrunnen blir det foreslått ei løyving på 10 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 21 Spesielle driftsutgifter. Arbeidet vil starte opp i 2014, og vil gå føre seg inn i 2015. Det blir derfor foreslått at posten blir tilføydd stikkordet «kan overførast».

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2014 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post		Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
Underpost					
2440	30	Investeringar	38 000	37 000	-1 000
Sum kap. 2440			38 000	37 000	-1 000
5440	24.1	Driftsinntekter	190 800	180 800	-10 000
	24.2	Driftsutgifter	-34 400	-31 600	2 800
	24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter.....	-1 500	-2 300	-800
	24.4	Avskrivningar.....	-23 100	-23 100	
	24.5	Renter av statens kapital.....	-5 700	-4 900	800
	24	Driftsresultat.....	126 100	118 900	-7 200
	30	Avskrivningar.....	23 100	23 100	
	80	Renter av statens kapital.....	5 700	4 900	-800
Sum kap. 5440			154 900	146 900	-8 000

Kontantstraum frå SDØE:

	Innbetalningar ²	190 800	180 800	-10 000
	Utbetalningar ³	73 900	70 900	-3 000
Nettokontantstraum frå SDØE		116 900	109 900	-7 000

¹ Gjeldande løyving for 2014 er baserte på Stortingets løyvingssvedtak av 12. desember 2013 og seinare endringar i 2014 (revidert budsjett), jf. Prop. 93 S og Innst. 260 S (2013–2014).

² Innbetalningar = driftsinntekter

³ Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Løyvinga under kap. 2440, post 30 Investeringar blir foreslått redusert med 1 000 mill. kroner, til 37 000 mill. kroner. Reduksjonen skuldast hovudsakleg forskyving av prosjekt og investeringar på fleire felt. Dei største feltvise endringane heng saman med utsetjingar av riggprosjekt og produksjonsboring på Oseberg og utsetjingar av utbyggingsprosjekt på Gullfaks.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er redusert med 10 000 mill. kroner, til 180 800 mill. kroner. Reduksjonen skuldast hovudsakleg lågare priskestetnader. Overslaget baserer seg på ein oljepris for 2014 på 636 kroner per fat samanlikna med 650 kroner per fat i gjeldande budsjett 2014.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 2 800 mill. kroner, til 31 600 mill. kroner. Reduksjonen skuldast

hovudsakleg lågare kostnader for kjøp av gass for vidareasal. Dette heng saman med ein kombinasjon av lågare pris og volum enn tidlegare føreset.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 800 mill. kroner, til 2 300 mill. kroner, som følgje av forskyving av leiteaktivitet frå 2013 til 2014.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 800 mill. kroner, til 4 900 mill. kroner, som følgje av korrigert berekning og noko lågare investeringar i 2014.

Ovannemnde endringar i underpostar medfører at SDØEs berekna driftsresultat er redusert med 7 200 mill. kroner, til 118 900 mill. kroner.

Overslaget for netto kontantstraum frå SDØE er redusert frå 116 900 mill. kroner til 109 900 mill. kroner, ein reduksjon på 7 000 mill. kroner frå gjeldande budsjett for 2014.

Kap. 2490 NVE Anlegg*Post 24 Driftsresultat*

Tabell 2.2 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2014 under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490	24.1 Driftsinntekter	-63 000	-85 000	-22 000
	24.2 Driftsutgifter	57 400	80 700	23 300
	24.3 Avskrivningar	4 800	4 000	-800
	24.4 Renter av statens kapital	800	300	-500
	24.5 Investeringsformål	1 000	1 000	
	24.6 Reguleringsfond	- 1 000	- 1 000	
	24 Driftsresultat	0	0	0

Overslaget under kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 22 mill. kroner, til 85 mill. kroner. Auken skuldast høgare omsetjing etter flaumen på Austlandet i 2013.

Overslaget under kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 23,3 mill. kroner, til 80,7 mill. kroner. Auken har samanheng med høgare aktivitet etter flaumen på Austlandet i 2013.

Overslaget under kap. 2490, underpost 24.3 Avskrivningar er redusert med 0,8 mill. kroner, til 4 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med ekstraordinære avskrivningar i 2013 som ikkje er tekne omsyn til i gjeldande budsjett for 2014.

Overslaget under kap. 2490, underpost 24.4 Renter av statens kapital er redusert med 0,5 mill. kroner, til 0,3 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med lågare rentegrunnlag enn tidlegare berekna.

Ovannemnde endringar i underpostar fører ikkje til endring i NVE Anlegg sitt berekna driftsresultat.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet*Post 70 Garanti provisjon, Gassco*

Staten som eigar av Gassco AS garanterer for skadar og tap på mottaksterminalane på kontinentet som oppstår som følgje av forsettlege handlingar hos leiarande personell i Gassco innanfor ei samla ramme på inntil 1 mrd. kroner, jf. St.prp. nr. 69 og Innst. S. nr. 230 (2006–2007).

Garantipremien er sett til 70 prosent av forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring. Med dagens premie på om lag 2 mill.

kroner svarer dette til om lag 1,4 mill. kroner i 2014.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, til 1,4 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet*Post 01 Gebyrinntekter*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner, til 19,2 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1810, post 01.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 60 mill. kroner, til 131,4 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1810, post 21.

Post 04 Sal av undersøkingsmateriale

Seismiske data frå Barentshavet søraust og dei norske havområda ved Jan Mayen blei lagt ut for sal som datapakker i 2013. Det er så langt selt datapakker for 73 mill. kroner i 2014.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 37 mill. kroner, til 73 mill. kroner. Meirverdiavgift blir inntektsført under kap. 5521.

Kap. 4840 CO₂-handtering*Post 80 Renter, TCM DA*

Renteinntekter frå TCM DA er berekna til 84 mill. kroner, ein reduksjon på 5 mill. kroner frå gjeldande budsjett 2014. Reduksjonen skuldast ned-

justering av rentesatsen frå 2,9 prosent til 2,7 prosent og forskyving av lånebehov. Ein viser til omtale og motsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 71.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 84 mill. kroner.

Post 86 Avdrag, TCM DA

Avdragsinntekter frå TCM DA er berekna til 1 099 mill. kroner, ein reduksjon på 12 mill. kroner frå gjeldande budsjett 2014. Reduksjonen skuldast forskyving av låneopptak og endra periodisering av avdraga. Ein viser til omtale og motsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 71.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 12 mill. kroner, til 1 099 mill. kroner.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet

Post 70 Bidrag til kulturminnevern

I 2008 vart det innført ei sektoravgift der inntektene er øyremerkte finansiering av statlege utgifter knytte til kulturminnetiltak i vassdrag, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008). Bakgrunnen for avgifta er eit ønske om å skaffe fram ny kunnskap om arkeologiske kulturminne i regulerte vassdrag. Tiltakshavarane som blir pålagt å undersøke kulturminne i samband med konsesjonspliktige inngrep i vassdrag betaler ei avgift, etter størrelsen på inngrepet. Den innbetalte sektoravgifta blir stilt til disposisjon for Riksantikvaren som vil følgje opp dei arkeologiske undersøkingane. Det er fatta vedtak i ei ny fornyingssak, Osensjøen, som NVE kan krevje inn avgift frå i 2014.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 3,2 mill. kroner, til 5,6 mill. kroner.

Kap. 5685 Aksjar i Statoil ASA

Post 85 Utbytte

For rekneskapsåret 2013 har generalforsamlinga i Statoil ASA godkjent eit kontantutbytte på 7,00 kroner per aksje. Frå første kvartal 2014 gjekk Statoil ASA over til kvartalsvise utbyttebetalningar. Statoils styre fastset kvartalsvise utbyttebetalningar ved framlegginga av det enkelte kvartalsresultat, mens utbetalinga av kvartalsutbytte skjer om lag fire månader etter framleg-

ginga. Statoil har utbetalt eit kvartalsutbytte på 1,80 kroner per aksje for første kvartal og kunn gjort ei tilsvarende utbetaling for andre kvartal 2014.

Dette betyr at Statoil ASA i 2014 vil utbetale utbytte for heile 2013 og for to kvartal i 2014. Den norske stat eig i dag 2 136 393 559 aksjar i selskapet.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 7 691 mill. kroner, til 22 646 mill. kroner.

3 Oppheving av vedtektene til Konsesjonsavgiftsfondet

I Prop. 1 S (2013–2014) vart Konsesjonsavgiftsfondet foreslått avvikla og erstatta med ei sektoravgift som svarer til innbetalte konsesjonsavgifter til staten. Som følgje av ovannemnde vart endringer i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova fremja i Prop. 4 L (2014–2015). I kapittel 5 i proposisjonen heiter det at; «*I forbindelse med avviklingen av Konsesjonsavgiftsfondet, må det tilrås for Stortinget at vedtektene oppheves. Olje- og energidepartementet vil komme tilbake til dette etter at Stortinget har behandlet lovforslaget.*» Det blir på denne bakgrunnen foreslått at vedtektene i Konsesjonsavgiftsfondet blir oppheva, jf. forslag til romartalsvedtak III.

4 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsverksemda, jf. Prop. 1 S og Innst. 9 S (2013–2014).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av enkelte av desse fullmaktene i 2014.

4.1 Fullmakt XI – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt for forenkla behandling frå styresmaktene si side har blitt nytta ved tre høve i 2014:

Edvard Grieg oljerørleidning

Departementet mottok 28. juni 2013 søknad om løyve til anlegg og drift av Edvard Grieg oljerørleidning. Grieg oljerørleidning er ein planlagt

oljerørleidning frå Edvard Grieg-plattformen til eit tilkoplingspunkt på Grane oljerørleidning. Oljen frå Edvard Grieg- og Ivar Aasen-felta skal fraktast gjennom Grieg oljerørleidning og Grane oljerørleidning til Stureterminalen i Øygarden kommune i Hordaland, for lagring og utskiping derifrå. Grieg oljerørleidning har planlagt oppstart samtidig med Grieg-feltet i fjerde kvartal 2015.

Deltakarane i partnerskapen er Statoil Petroleum AS (29 prosent), Lundin Norway AS (30 prosent), Det norske oljeselskap ASA (14 prosent), OMV Norge AS (12 prosent), Wintershall Norge AS (9 prosent) og Bayerngas Norge AS (6 prosent).

Dei totale investeringane i Edvard Grieg oljerørleidning er i plan for anlegg og drift berekna til 2,02 mrd. 2013-kroner. Plan for anlegg og drift av Edvard Grieg oljerørleidning vart vedteken ved kongeleg resolusjon 10. januar 2014.

Utsirahøgda gassrørleidning

Departementet mottok 25. oktober 2013 søknad om løyve til anlegg og drift av Utsirahøgda gassrørleidning. Utsirahøgda gassrørleidning er ein planlagt gassrørleidning frå Edvard Grieg-plattformen til eit tilkoplingspunkt på SAGE-rørleidningen på britisk sektor. Rørleidningen skal i første rekkje transportere gass frå Edvard Grieg- og Ivar Aasen-felta til SAGE og vidare til St. Fergus i Storbritannia. Utsirahøgda gassrørleidning har planlagt oppstart samtidig med Grieg-feltet i fjerde kvartal 2015.

Deltakarane i interessentskapet er Statoil Petroleum AS (36 prosent), Det norske oljeselskap ASA (21 prosent), Bayerngas Norge AS (9 prosent), OMV Norge AS (8 prosent) og Wintershall Norge AS (6 prosent).

Dei totale investeringane i Utsirahøgda gassrørleidning er i plan for anlegg og drift berekna til 1,38 mrd. 2013-kroner. Plan for anlegg og drift av Utsirahøgda gassrørleidning vart vedteken ved kongeleg resolusjon 4. april 2014.

Flyndre

Departementet mottok 18. september 2013 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Flyndre. Flyndre er eit grenseoverskridande felt, og all infrastruktur vil ligge på britisk side av grensa. Flyndre blir bygd ut med ein installasjon

på havbotnen og kopla til Clyde-innretninga på britisk side. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport til Teeside i Storbritannia. Gassen frå Flyndre vil primært brukast som brenngass på Clyde- og Fulmarinnretningane på britisk side. Produksjonen er planlagt å ta til i juni 2016. Retts-havarane på Flyndre på norsk side er operatøren Maersk Oil Norway AS (88,346 prosent), Statoil Petroleum AS (6,654 prosent) og Petoro AS (5 prosent).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 3,45 mrd. 2014-kroner. Plan for utbygging og drift av Flyndre vart vedteken ved kongeleg resolusjon 23. mai 2014.

4.2 Fullmakt XII – Overføring av eigedomsrett mot bruksrett

Fullmakt om overføring av eigedomsrett mot bruksrett har blitt nytta ved to høve i 2014:

Svalin og Grane

Retts-havarane i Svalinfeltet og Granefeltet inngjekk 28. oktober 2012 ei avtale om overføring av eigedomsrett til oppgraderingar på Grane-plattformen. Retts-havarane i Svalinfeltet har investert i oppgraderingar av Grane-plattformen for å leggje til rette for produksjon frå Svalin. Eigarskapen vart overført til retts-havarane på Granefeltet ved produksjonsstart for Svalin i tredje kvartal 2014. Staten har ein direkte eigardel i Svalinfeltet på 30 prosent og ein eigardel på 28,94 prosent i Granefeltet. SDØE sin del av investeringa utgjer 175 mill. kroner.

Fram H-Nord og Troll

Retts-havarane i Fram H-Nord-feltet og Trollfeltet inngjekk 29. april 2013 ei avtale om overføring av eigedomsrett til oppgraderingar på Troll C-plattformen. Retts-havarane i Fram H-Nord-feltet har investert i oppgraderingar av prosessanlegget på Troll C-plattformen for å handtere brønnstraumen frå Fram H-Nord. Eigarskapen vart overført til retts-havarane på Trollfeltet ved produksjonsstart for Fram H-Nord i tredje kvartal 2014. Staten har ein direkte eigardel i Fram H-Nord-feltet på 11,2 prosent og ein eigardel på 56 prosent i Trollfeltet. SDØE sin del av investeringa utgjer 3,7 mill. kroner.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2014 under Olje- og
energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Olje- og energi-
departementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2014 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1810		Oljedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 257 300 000 til kr 261 500 000	4 200 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 150 100 000 til kr 210 100 000	60 000 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 493 600 000 til kr 493 625 000	25 000
	22	Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 60 og 72</i> , blir auka med frå kr 241 300 000 til kr 265 300 000	24 000 000
1840		CO ₂ -handtering	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 74</i> , blir nedsett med frå kr 15 000 000 til kr 5 000 000	10 000 000
	70	Gassnova SF, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 73 og 74</i> , blir nedsett med fra kr 154 300 000 til kr 144 800 000	9 500 000
	71	Forskingstenester, TCM DA, <i>kan overførast</i> , blir nedsett med frå kr 1 764 000 000 til kr 1 732 000 000	32 000 000
	73	Fullskala CO ₂ -handtering på Mongstad, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir nedsett med frå kr 28 000 000 til kr 500 000	27 500 000
(NY)	74	Transport av CO ₂ , <i>kan overførast</i> , blir løyvd med	10 000 000
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	30	Investeringar, blir nedsett med frå kr 38 000 000 000 til kr 37 000 000 000	1 000 000 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	-85 000 000
		Driftsutgifter	80 700 000
		Avskrivinger	4 000 000
		Renter av statens kapital	300 000
		Investeringsformål	1 000 000
		Reguleringsfond	- 1 000 000
			<u>0</u>

Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet	
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir auka med frå kr 1 200 000 til kr 1 400 000	200 000
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 15 000 000 til kr 19 200 000	4 200 000
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir auka med frå kr 71 400 000 til kr 131 400 000	60 000 000
	04	Sal av undersøkingsmateriale, blir auka med frå kr 36 000 000 til kr 73 000 000	37 000 000
4840		CO ₂ -handtering	
	80	Renter, TCM DA, blir nedsett med frå kr 89 000 000 til kr 84 000 000	5 000 000
	86	Avdrag, TCM DA, blir nedsett med frå kr 1 111 000 000 til kr 1 099 000 000	12 000 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat, blir nedsett med frå kr 126 100 000 000 til kr 118 900 000 000	7 200 000 000
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	180 800 000 000
		Driftsutgifter	-31 600 000 000
		Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 300 000 000
		Avskrivningar	-23 100 000 000
		Renter av statens kapital	-4 900 000 000
			<u>118 900 000 000</u>
	80	Renter av statens kapital, blir nedsett med frå kr 5 700 000 000 til kr 4 900 000 000	800 000 000
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet	
	70	Bidrag til kulturminnevern, blir auka med frå kr 2 400 000 til kr 5 600 000	3 200 000
5685		Aksjar i Statoil ASA	
	85	Utbytte, blir auka med frå kr 14 955 000 000 til kr 22 646 000 000	7 691 000 000

II

Fullmakt til å inngå forplikting ut over gitt løyving

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet i 2014 kan pådra seg forpliktingar utover gitt løyving innanfor følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1815		Petoro AS	
	73	Statleg deltaking i petroleumsverksemd på islandsk kontinentalsokkel	30 mill. kroner

III

Oppheving av vedtektene til Konesesjonsavgiftsfondet

Stortinget samtykkjer i at Konesesjonsavgiftsfondets vedtekter, vedtekne av Stortinget 31. januar 1975, blir oppheva når endringane i industrikonesjonslova og vassdragsreguleringslova fremja i Prop. 4 L (2014–2015) trer i kraft.
